

PLANFORUM, ONSDAG 18. APRIL 2018 KL. 09:00

Jølster kommune: Reguleringsplan for Kjøsnes

Deltakarar:

Merete Farstad (FK – næring), Susan Solbrå (FK – næring), Oddgeir Aardal (FM – landbruk), Toralf Otnes (NVE), Arvid Tveit (Nordplan Førde), Karoline Hareide Breivik (FK – kultur), Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy (tenesteleiar for plan og bygg, Jølster kommune), Thor Ove Farsund (kommunalsjef, Jølster kommune), John Anton Gladsø (FM – miljøvern), Gunn Tove Nyheim (FM – miljøvern), Finn Ivar Lied (FK – samferdsle), Stine Mari Nytun Leirdal (FK – statistikk og analyse) og Torbjørn Hasund (FK – plan).

Jølster kommune ved Thor Ove Farsund og Arvid Tveit orienterte om planen.

- Bakgrunnen for arbeidet er at Jølster kommune ynskjer å bruke massar frå tunnelutbygging til gode føremål. Vil lage stopplass og utsynsstad over Kjøsnesfjorden og Jølstravatnet ved Kjøsnesfjordbrua. Som følge av heile Kjøsnesfjorden i framtida vil gå i tunnel ynskjer kommunen å gjere landskapet meir synleg og tilgjengeleg gjennom ein rasteplass.
- Problemstillinga er: har kommunen følgt godt nok opp i høve varsel om motsegn? Til melding om oppstart og høyring av planprogram kom det inn tre varslar om motsegn; ei frå Fylkesmannen, ei frå NVE og ei frå fylkeskommunen.
- Tiltaka er ikkje prosjektert – størrelse på bru, kulvert o.l. har ein ikkje sagt noko om. Vil komme under prosjektering og tiltak.
- Rådgivende Biologer AS har utført ei konsekvensutgreiing for naturmangfald
- Kulturminne osv.: konsekvensutgreiing. Tre områder. Avbøtande tiltak. Omsynssone. Sa2 – båndleggingssone på gravrøys.

Innspel og kommentarar

Aure, vatn og vasskvalitet

Farstad : Vassdirektivet og vassforskrift. Jølstravatnet har miljømål om *god økologisk tilstand* innan 2021. Kjøsnesfjorden har fått eit lågare miljømål *godt økologisk potensial* grunna tidlegare inngrep i vassførekomstane m.a. utfylling i samband med bygging av bru over Kjøsnesfjorden. Brua og fyllingane vegen er bygd på påverkar vassutskiftinga i Kjøsnesfjorden negativt. Eit tiltak for å betre forholda i Kjøsnesfjorden er å lage fleire opningar i brua. Å få meir vatn gjennom fyllinga er positiv.

Ørekyt er ein framand art i vatnet som ein bør prøve å redusere omfanget av. Kan meir roleg vatn og skjul som fyllingane gir, skape betre forhold for ørekyten? Tiltak som fremmer gode habitat for ørekyt bør ein prøve å unngå.

Ved ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst må ein vurdere om tiltaket svekker miljømålet for vassførekomsten jf. paragraf 12 i vassforskrifta. Ein må sjå på det einskilde kvalitetselement som vert påverka av tiltaket (t.d. fisk, botndyr, vasskvalitet) når ein vurderer om miljøtilstanden vert svekka. Tiltak kan likevel gjennomførast dersom krava i § 12 i vassforskrifta er oppfylt. Eg ser ingen vurderingar som vurderer tiltaket opp mot § 12 i vassforskrifta. Dei som gjer endeleg vedtak har ansvar for å gjere vurdering etter § 12. Det er ei eigen retteleiar til paragraf 12.

Gladsø: Rådgjevande Biologar (RB) har i sin rapport sagt at gyteområde rundt brua og framtidige utfyllingar ikkje vert redusert, men samtidig er det slik at potensielle gyteområder vart forringa ved eksisterande utbygging av vegfylling og bru. RB burde ha vurdert ut frå naturtilstand, ikkje allereie utbygging. Skulle gjerne sett bru i nord-enden også, ikkje berre røyr. 8000 kvadratmeter – beiteområde for sjøaure og produksjonsområde for marflo vil gå tapt.

- Småbåthamn – kan dette påverke marflo. Er dette vurdert?
- Sit framleis med mange spørsmål. Har blitt gjort tiltak, men er fortsatt bekymra for fisken

Nyheim: Føresegnene bør vere meir konkret. Mykje «bør» - formuleringar, det er vanskeleg å styre etter. Og eit døme på annan type vage formuleringar er «relativt slake skråningar» Relativt kan tolkast, unngå bruk av denne typen formuleringar?

Otnes. Ingen store innvendingar til utgreiingane som er gjort. RB sine utgreiingar viser små konsekvensar i både positiv og negativ forstand. Utfyllingar og opningar

- I plan: legge til rette for auke gjennomstrauming er totalt fråværande i plan. Må leite med lys og lykt. Bør vere med i føremål osv. Bør vere sterkare og meir forpliktande i plan – for å sikre at både utfylling og opning blir gjennomført.

Nøttingnes Rognsøy med kommentar til det som vart sagt frå FM, NVE og FK om føresegnar - ser at vi bør ha rekkefølgekrav + vere meir konkrete. Vil sjå meir på vassdirektiv.

Samferdsel

Lied: Viktig for oss å vite at Jølster forsikrar seg med vegvesenet om at moloen og vegbana vil vere sterk nok til den transporten som vert i samband med utgylling. Eksisterande veg, vegkropp - tåler den anleggstrafikken og eventuelt auka trafikk? Rasteplass – var det tenkt toalett her?

Jølster – ja det er tenkt servicebygg med toalett. Ynskjer iallfall å legge til rette for det, men tida viser kva som blir realisert. Treng ikkje naudvendigvis molo og båthamn, men kan vere god løysing å ta med dette i same slengen. For å få økonomi i det er det viktig med ei pakkøløysing. Masse har vi nok av vi, vi vil ha ein fornuftig bruk.

Kultur

Hareide Breivik – nemnte dette med omsynssoner i vår fråsegn. Ønskte det på begge sider, både på Kjøsnes og på Sunde. Skal ta vare på naturleg strandline som er der i dag. Vegen i dag har gjort endringar, men gjeld stort sett fremdeles. Både molo og båthamn kjem til å endre landskapet drastisk. Einig med Rådgjevande Arkeologar i at Kjøsnessida har høgast verdisetting. Ferdselsvegen – driftevegen på smalaste sone – viktig å bevare denne biten – ikkje utfylling i strandsone mot land.

Hareide Breivik usikker på behovet for båthamn. Ikkje ute i fjorden, eller molo. Sjå på alternativ plassering. Sjå på alternativ plassering oppe ved vegen. Blir stilt krav om registrering av kulturminner om det blir gjort tiltak på dyrka mark. Skal det stå bakkerigg på dyrka mark så må dette komme fram av plandokumenta. Ynskjer fleire visualiseringar for å sjå korleis planlagd tiltak kjem til å sjå ut frå ulike vinklar.

Nøttingnes Rognsøy: Kan lage fleire vinklingar på skissene som er i dag. Ikkje tenkt brakkerigg då ein nyttar dei som allereie er montert i dag i samband med tunneldrifta. Kommunen vurderer om båthamn kan vere ein annan stad. Er ikkje behov som gjer at det må stå her – men må sjølvstendig ligge i

vatn så tek uansett strandsone (innspel), men kan vurdere plassering. Omsynssone på begge sider er ok.

Dei har tidlegare høyrte med vegvesenet om stopplass ved riksvegen, men det vil ikkje vere plass til det med ny situasjon etter ny tunnel. Vil i tillegg ikkje få same utsikt frå vegen. Dette (nede ved vatnet på Kjøsnessida?) er eit unikt fotopunkt. Korleis ser FK på dette med å sjå kulturminner og formidling? Hareide Breivik - positivt innstilt til skilt. Har tidlegare gjort gangvegar til kulturminner – er avhengig av plassering og liknande.

Landbruk:

Aardal. På Kjøsnes er det fulldyrka. Ser ikkje ut til at planen berører fulldyrka mark. Ingen direkte konflikt med jordvernet. Merkar seg med ringområder – plan om å legge dette på fyllingar. Kjem ofte i konflikt med jordområdet. Har ingen avgjerande merknader.

Jølster: riggområder i forbindelse med utfylling. Same område som for utbygginga no. Brukar primært dyrka mark. Intensjonen her er at det burde skje samtidig med andre prosjekt for å utnytte massane.

Ymse

Jølster: politisk handsaming og offentleg ettersyn i vår. Ser på tilbakemeldingane og går djupt inn i føresegnene. Treng litt tid. Vil få det ut på høyring før sommaren.

Framdrift heng saman med tunnelen i Kjøsnesfjorden. Må forholde seg til framdrift i det prosjektet. Då bør tankar om korleis massane skal nyttast vere klare. Det er fleire moglege prosjekt for bruk av massar i emning. Ynskjer å bruke massane til fornuftige føremål.

Bredde på veg skal ikkje utvidast på land på Kjøsnes, så det vert ikkje tatt landbruksareal for utviding av veg. Men breidde på veg over fylling / fyllinga skal utvidast. Kan t.d. legge til rette for fiske. Kan fiske + bevege seg mellom utsiktspunkt utan å forstyrre biltrafikken. Dette er hovudintensjonen, ikkje samanhengande gang og sykkelveg mot land.

Otnes - ser at det er lagt inn kraftlinje. Linja er del av sentralnettet og det betyr at det skal avsettast med omsynssone – bandlagt etter andre lovverk. Oppdater areal som er regulert som blir påverka – inkl .skråningspåslag. Skråning på fylling skal halde seg innanfor plangrense / føremålsgrænse. Dette må kome tydeleg fram i plan (gjennom føresegner).

Avslutta møtet 10:10